



Stig Solberg
Vassbygdvegen 198
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1075 - 18/30007

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.10.2018

Førebels svar på søknad om utsleppsløyve - gbnr 182/8 Gausereide

Tiltak: minireanseanlegg
Byggestad: Gbnr: 182/8 Vassbygdvegen 198
Tiltakshavar: Stig Solberg
Ansvarleg søkjar: Ip Prosjekter AS

Kommunen viser til søknad om utsleppsløyve mottatt 23.08.2018 med supplerande dokumentasjon mottatt 26.09.2018, dykkar førespurnad av 25.09.2018 og tidlegare korrespondanse i saka.

Søknaden om utsleppsløyve er oversend Teknisk drift for uttale etter drikkevassforskrifta. Uttalen vil bli lagt til grunn for vår vurdering av søknaden.

Vi ser etter ein førebels gjennomgang av søknaden at det framleis ikkje ligg føre situasjonsplan som viser faktisk plassering av reinseanlegg, anlegg for etterpolering og UV og kum for prøvetaking, slik skissert i vårt skriv datert 22.05.2018.

Vi har også registrert at det ved innsending av søknad om utsleppsløyve er oppgitt at føretaket VOIDAG VVS AS, ved kontaktperson Rytis Koveckis, er ansvarleg søkjar, medan det i søknaden om løyve til tiltak mottatt same dag, er oppgitt at IP Prosjekter AS, ved same kontaktperson, er ansvarleg søkjar. I følge opplysningar i Enhetsregisteret er sistnemnde føretak under konkurshandsaming.

Vi ber om tiltakemelding på om det er to ulike ansvarlege føretak i saka, og gjer merksam på at det må meldast frå til kommunen dersom føretaket ikkje lenger oppfyller føresetnadane for ansvarsrett.

Endeleg tilbakemelding i saka vil bli gitt når uttalen etter drikkevassforskrifta ligg føre.

Med helsing



Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stig Solberg

Vassbygdvegen 5912
198

SEIM